

04/26 Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Kyrkja

Tid: Torsdag 04.06.26 kl.19.00-21.00

Desse møtte: Margun M.Tordal, Renate B.Nernes, Lenie Hoogerbrugge, Lillian H.Fosse, Jorunn B.Lillefosse og Vetle K.Eide.

Forfall: Tor Håkon Berge.

Lillian hadde Ord for dagen, ho les frå Paulus sitt brev til Titus.

SAK 25/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.04.26 med merknader.

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok vart godkjent.

SAK 26/26: Meldingar

Vedtak: Vetle informerte meir inngåande om opplegget og vår deltaking i Messy church på komande sundag. Elles vart meldingane tekne til vitande.

SAK 27/26: Budsjett jubileum Strandebarm.

Vedtak: Budsjettet vart vedteke med dei usikre faktorane som er, men bed jubileumsnemnda skaffa tal for utgifter og forventa inntekter på laurdag under matsserveringa.

SAK 28/26: Gudstenesteliste haust-26.

Vedtak: Gudstenestelista vart godkjent slik den vart lagt fram frå kyrkjekontoret. I tillegg kjem soknerådet med denne oppmodinga til kyrkjelyden: At vi besøkjer nabokyrkjene dei sundagane det ikkje er gudsteneste i vår kyrkje.

SAK 29/26: Lys i taklampane i kyrkja.

Vedtak: Soknerådet går inn for at det blir skifta lys i alle taklampane. Kyrkjevevja bestemmer kven som skal gjera arbeidet og skaffar til veie nødvendig utstyr for å kunna utføra jobben.

SAK 30/26: Jonsokfeiring på Evja.

Vedtak: Soknerådet støttar AU og vil hjelpa Tor Håkon med det praktiske omkring feiringa.

SAK 31/26: Takoffer haust-26.

Vedtak: Soknerådet vart einige om at desse org. skal få takoffer hausten-26: Kyrkjelydsarbeidet, NMS misjonsprosjektet, Kirkens nødhjelp, Kirkens SOS, MAF og Sundagsskulen Norge.

SAK 32/26: Eventuelt.

Jorunn B. Lillefosse ref.